



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1874 - 18/19133

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
11.09.2018


## Høyringsbrev - GBNR 15/6, Hopland - Søknad om dispensasjon for frådeling av to einebustadtomter

### Saka gjeld :

Det blir vist til søknad frå Heine Fyllingsnes, representert ved Cardo 8614 AS, om dispensasjon frå arealformål LNF-spreidd bustad i kommuneplanen sin arealdel, jf plan- og bygningslova § 19- 2, for frådeling av to nye einebustadtomter på Hopland i Meland kommune.

### Søknad om dispensasjon:

Opphavleg blei det søkt om dispensasjon for frådeling av 3 tomter. Gjennom skriv journalført motteke 10.09.2018 blei søknaden redusert til å gjelde to tomter.



For grunngjeving av søknaden blir det vist til denne i sin heilheit, sjå vedlegg.

### Planstatus:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Gbnr 15/6 er ein mindre landbrukseigedom med eit matrikkelregisterert areal på om lag 17,6 daa. Areala som er søkt frådelt som bustadomter ligg i KPA som Inf-spreidd bustadområde på Hopland (SB\_2). I dette området er det på dei vilkår som går fram av føresegns 3.2 til KPA lov å dele frå og bygge 4 nye bueiningar på fråskilte parsellar.

Omsøkt areal gjeld i sin heilskap areal som i markslagskart AR5 er klassifisert som innmarksbeite. Dette er i strid med føresegns 3.2 til KPA, som bestemmer at det ikkje kan byggast mellom anna på samanhengande innmarksbeite. Tiltaket krev difor dispensasjon frå kommuneplanen. Gjennom søknadsbehandlinga vil administrasjonen klarlegge spørsmålet om samtykke til omdisponering, jf jordlova §§ 9 og 12.

Det gjeld rekkefølgjekrav om etablering av planskilt kryssing på Holme før igangsetting av byggearbeid innanfor dette spreidd-området, men ikkje frådeling, jf føresegns 1.5.6 til KPA.

#### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det blir søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det blir dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

#### Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande saksbehandlingsreglar blir søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune før det blir gjort vedtak i saka. Vidare blir saka sendt på høyring internt i kommunen til tenesteområde Kultur for vurdering av kulturminneverdiar i området.

#### Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

GBNR 15/6 Revidert søknad  
Tilleggsopplysningar - GBNR 15/6  
GBNR 15/6 Hopland - Frådeling og dispensasjon

**Kopi til:**

Cardo 8614 AS	Øvre Blekeveien 20	5003	BERGEN
Heineken Eiendom AS	Litlevågsbrotet 9	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakere:**

Eirik Bouwer Utne

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune - kultur Postboks 7900 5020 BERGEN

og idrettsavdelinga

Laila Bjørge

Statens vegvesen, Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER